



**Hjelmeland**

## Referat frå årsmøtet 2024

23. oktober på Spinneriet

23 kvinner møtte.

### Årsmøtesaker:

Margrete gjekk gjennom årsmeldinga. Deltaking på Fisterdagen med laging av middag, vart ikkje nemnd, det vart det retta opp i.  
Janneke Wijgergangs gjekk gjennom rekneskapen.

### Val:

Dessverre har valnemnda fått feil informasjon om kven av styremedlemmene som var på val dette året. Det korrekte er at det er Janneke og Kirsten og Palma som leiar. Palma Ommundsen blei gjenvald som leiar for eit år.  
Kirsten Langvik blei gjenvald for to år.  
Kirsti Flatø var ikkje på val.  
Margrete Tytlandsvik var ikkje på val.  
Janneke Wijgergangs blir då sitjande i to år. Håpar dette er greit for Janneke og medlemmene!

Varamedlemmene til styret blir valde for eit år.  
Bente Riskedal gjekk ut.  
Anne Kari Skogerbø vart vald for eit år  
Brit Sæbø blei gjenvald for eit år.

Valkomiteemedlemmer blir vald for to år.  
Liv Inger Mæland var ikkje på val.  
Grethe Gauthun Olsen vart gjenvald.  
Bente Riskedal vart vald som nytt medlem.

### Program:

Hjelmeland Røde Kors v/ Karianne Laugaland og Eirik Austigard hadde opplæring i lunge/hjerteredning.  
Elles blei medlemmene utfordra til å komma med innspel om tema og idear ein ynskjer laget kan ta opp. Det kan ein gjera heile året!  
Det vart servert kveldsmat av matkomiteen.

Margrete Tytlandsvik  
sekretær



# Årsmelding 2023/24

## Hjelmeland bygdekvinnelag

### Hjelmeland

Styret har vore: Palma Ommundsen (leiar), Janneke Wijgergangs (kasserar), Margrete Tytlandsvik (sekretær), Kirsten Langvik og Kirsti Flatø.

Varamedlemmer: Bente Riskedal og Brit Sæbø.

Revisorar: Marit Laugaland og Ragnhild Kvame.

Valnemnd: Aslaug Kleppa, Grethe Gauthun og Liv Inger Mæland

Laget har 69 medlemmer.

Me har hatt 6 styremøte.

Bygdekvinner lagar havregraut kvar onsdag morgen på Hjelmeland ungdomsskule. Svært populært tiltak blant ungdommane.

Me deltek på kontaktforum for frivillige lag og organisasjonar i Hjelmeland i regi av Frivilligsentralen. I tillegg har me godt samarbeid med Turlaget, Sogelaget, Fister bygdaråd og Frivilligsentralen, og står for matserving på fleire av årsmøta deira.

Bygdekvinnelaget har eiga facebookside og heimeside:

<https://bygdekvinnelaget.no/lokallag/hjelmeland-bygdekvinnelag>

Me har eit fadderbarn via Misjonsalliansen.

På NBK sitt Inspirasjonsseminar i Stavanger 10/11.11.23 deltok 5 medlemmer frå laget.

Laget var representert på Årsmøtet til Rogaland bygdekvinnelag på Byrkjedalstunet

15/16.03.24 med 3 deltakarar.

#### **Aktivitetar:**

18.10.23. Årsmøte på kommunehuset. Hilde Thomsen og Jorun E. Sætre diskuterte sine erfaringar med å vera innflyttar til kommunen. Det blei i ettertid sendt eit skriv til Hjelmeland kommune v/ordførar med bl.a. ynskje om å senda eit velkomstskriv som kan innehalda nyttig informasjon om lag, organisasjonar og kommunen, til alle nye innflyttarar etterkvart som dei kjem. Det kom takk for forslaget, men kommunen har ikkje oversikt over desse til ei kvar tid.

01.11.23. Surdeigskurs m/Maggi Gausel. på Ungdomsskulen. Fullteikna, 20 stk. Og laget fekk fleire nye medlemmer.

13.12.23. Julemøte i Epleriet på Helgøy. Åse Bjørg Vika underhaldt med historier om korleis basarar og julefestar gjekk føre seg i «gamle dagar» i Årdal. Anne Berit Rinde Bjelland stod for musikken. God mat og fullt hus.

15.02.24. Kommuneoverlege Tarjei Asprusten: Langvarig uforklarleg utmatting – forståing og behandling. Svært godt frammøte, på Spinneriet.

3 kveldar: takke/bakekurs på Fister skule, v/Aud Torunn Eide.

20.03.24. Påskemøte. Liv Vadla Hausken laga påskedekorasjonar som vart lodda ut. Populært arrangement, mange ikkje-medlemmer møtte også.

21.06.24. Kurs i sponkorgfletting på Spinneriet, v/Hege Iren Aardal

29.06.24. Busstur til Finnøy og Talgje i samarbeid med Frivilligsentralen. Guied på Finnøy rundt og i Hesby kyrkje v/Ryfylke livsgnist, og på Talgje i gartneriet v/Jostein Gard. Middag hos Bygdakokken på Judaberg.

07.09.24. Ryfest. Bygdekvinnelaget selde vaflar, god fortene.

21.09.24. Fister bygdadag Bygdekvinne på Fister laga komlemiddag. Inntektene gjekk til utdanning av unge i Kamerun.

29.09.24. Hausttakkefest i Hjelmeland kyrkje. Bygdekvinnelaget pynta. Offeret gjekk til Rogalandsgarden i Kamerun.

02.10.24. Oppveksten i Gåsdaalen saman med døvefamilien v/Harry Breiland. Svært interessant og godt frammøte.

19.10.24. Frivillig torg på Spinneriet for alle frivillige organisasjonar og lag som viser fram sine aktivitetar. Bygdekvinnelaget laga og selde potetkaker.

11.10.24

Margrete Tytlandsvik  
sekretær

Hjelmeland Bygdekvinnelag

2023/2024

Dato	post	Bilag nr.		
			Debet	Kredit
<b>OKTOBER</b>				
19.10.2023	Støtte til Rogalandsgarden	1		5 000,00
19.10.2023	utgifter Årsmøte	2		2 307,70
<b>NOVEMBER</b>				
03.11.2023	Vipps, inntekt surdeigskurs Maggi Gausel	3	2 652,75	
03.11.2023	Delte kostnader avlyste Suldalstur ism Hj. Sogelag	4		470,00
03.11.2023	Refusjon Inspirasjonsseminar styremedlem (Janneke)	5a		2 800,00
10.11.2023	Nettside Hjelmeland Bygdekvinnelag 2023	6		1 000,00
14.11.2024	Refusjon Inspirasjonsseminar styremedlem (Aslaug Kle)	5b		2 800,00
14.11.2024	Refusjon Inspirasjonsseminar medlem (lillian Tornquist)	5c		2 800,00
15.11.2024	Refusjon Inspirasjonsseminar medlem (Kari)	5d		2 800,00
15.11.2023	Inngangspenger medlemmene Margit Dale, Suldal	7		1 050,00
<b>DESEMBER</b>				
05.12.2023	Matsservering arrangement SR Bank	8	3 000,00	
14.12.2023	Julekveld Hageland, gevinnst	9		899,40
14.12.2023	Julekveld Loddbooker	10		399,00
14.12.2023	julekveld utgifter	11		700,00
14.12.2023	julekveld gevinst, takkegave	12		1 500,00
13.12.2023	Julekveld, inngangspenger, loddsalg, vipps	13	33 188,84	
18.12.2024	julekveld inngangspenger, vipps	13	491,25	
	julekveld kontanter (inngang,lodd)	14	3 580,00	
28.12.2024	Momskompensasjon	51	2 807,00	
31.12.2024	Kredittrenter		15,00	
	Terskelrenter		157,00	
<b>JANUAR</b>				
26.01.2024	Julekveld, Epleriet	15		35 341,00
<b>FEBRUAR</b>				
19.02.2024	Utgifter Medlemsmøte om Utmattelse	16		360,00
<b>MARS</b>				
13.03.2024	Vipps, loddsalg medlemsmøte utmattelse	27	3 340,50	
13.03.2024	Utgifter møter, Spar	17		376,30
14.03.2024	koking havregraut Hjelmeland turlag, årsmøtet	18	3 000,00	
21.03.2024	reiseregning Rogaland bkl årsmøtet	20		1 067,00
21.03.2024	utlegg bakekurs	20		180,00
21.03.2024	utlegg påskemøtet	21		498,50
21.03.2024	utlegg påskemøtet	22		600,00
21.03.2024	Utlegg Liv Vadla påskemøtet	24		655,00
21.03.2024	innskudd påskemøtet	24 b	6 810,00	
22.03.2024	vippsoppgjør påskemøtet	27	10 345,72	
<b>APRIL</b>				
02.04.2024	påskemøtet, mat	26		461,00
02.04.2024	Utgifter Medlemsmøte om Utmattelse	25		459,00
05.04.2024	Vipps,	43	2 947,50	
10.04.2024	Utgifter påskemøtet	23		1 500,00
15.04.2024	Spar, utgifter bakekurs, påskemøte mm	28		9 547,63
19.04.2024	Utgifter deltakelse årsmøtet Rogaland Bygdekvinnelag	29		10 200,00

28.04.2024	Nettside Hjelmeland Bygdekvinne lag 2024	30		1 000,00
MAI				
27.05.2024	Studieforbundet kursutbetaling bakekurs	44	1 050,00	
31.05.2024	Utgifter bakekurs	31		2 000,00
JUNI				
11.06.2024	Støtte Hjelmeland kommune	33	10 000,00	
17.06.2024	Utgifter Spar, bakekurs	32		491,20
25.06.2024	Vipps sponkorkurs	42	5 158,09	
JULI				
01.07.2024	tilbakebetaling sponkorkkurs, dobbelt betalt deltaker	50		750,00
15.07.2024	Kurvmaker, sponflettingskurs	36		5 000,00
AUG				
SEPT				
05.09.2024	Ryfest vekslpenger	39		800,00
10.09.2024	Vipps	41	6 252,41	
10.09.2024	Ryfest innskudd, kontantsalg	37	1 580,00	
12.09.2024	innkjøp lunsj sponkorkkurs	34		115,70
12.09.2024	innkjøp lunsj sponkorkkurs	35		473,81
12.09.2024	Ryfest innkjøp	38		174,10
12.09.2024	utgifter Ryfest	40		200,00
12.09.2024	utgifter Ryfest	40		200,00
OKTOBER				
04.10.2024	utgifter møtemat Harry Breiland	45		113,64
04.10.2024	utgifter møter, Ryfest	46		3 956,90
04.10.2024	reisegodtgjørelse Harry Breiland	47		1 700,00
04.10.2024	utgifter medlemsmøte, Harry Breiland	48		263,35
19.09.2024	utgifter medlemsmøte, Harry Breiland	49		283,00
	Råbalanse		96 376,06	103 293,23
	inntekter		96 376,06	
	Utgifter			103 293,23
	Total differanse		-6 917,17	
	Balans kontonr i Hj. Sparebanken 14.10.2023		86 063,68	

Revidert 18/10-2024

Hånt Løvgeland

Bagnhild Lvaue